

**TILSYNSRAPPORTERING FRA HELSE FØRDE HF  
FOR SEPTEMBER 2021 - DATO 08.10.2021**

| MYNDIGHETS-<br>ORGAN | HELSE-<br>FØRETAK | OMRÅDE OG<br>TEMA FOR<br>TILSYNET | DATO FOR<br>TILSYNSRA<br>PPORT | HAR<br>RAPPORTEN<br>DOKUMENTERT<br>AVVIK? | FRIST FOR<br>LUKKING AV<br>AVVIK | STATUS<br>I SAKA  | SAK<br>AVSLUTTA<br>DATO |
|----------------------|-------------------|-----------------------------------|--------------------------------|---|----------------------------------|---|-------------------------|
| Kiwa                 | Helse<br>Førde    | Miljø-<br>styringssystemet        | 21.09.2021                     | Nei                                       |                                  | <p>Kiwa har gjennomgått miljøstyringssystemet til Helse Førde. Mål for revisjonen er definert slikt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgå eventuelle endringer i sertifiseringsomfanget og det aktuelle styringssystemet</li> <li>• Bekrefte at kundens styringssystem fortsatt oppfyller kravstandarder som sertifiseringen er innvilget for</li> <li>• Bekrefte at kundens styringssystem fortsatt oppfyller relevante lov, forskrift og kundekrav</li> <li>• Vurdere virkningen av kundens styringssystem (blant annet måloppnåelse, kundeklager, forbedringsaktiviteter)</li> <li>• Sikre at kundens ledelse fortsatt oppfyller sine forpliktelser</li> <li>• Bekrefte at kunden forholder seg til regelverket for bruk av logoer og akkrediteringsmerker</li> </ul> <p>Miljøarbeidet i føretaket får gode skussmål og det blir tilrådd at sertifiseringa vert vidareført. Det vart ikkje funne avvik under revisjonen, men observert to merknader og fire forbedringspunkt.</p> <p>Sak i Elements: 2021/1221</p> |                         |

|                                       |                 |                                 |            |     |   |  |
|---------------------------------------|-----------------|---------------------------------|------------|-----|---|--|
| <b>Intern-revisjonen i Helse Vest</b> | PHV Helse Førde | Tvangsbruk i psykisk helsevern  | 03.09.2021 | Nei | <p>Bakgrunnen for revisjonen er at det i 2014 blei gjennomført ein revisjon av same tema, og målsettinga med denne revisjonen har vore å få ein oppdatert status på forholda i dag, der det er lagt til grunn same problemstillingar og metode som ved førre revisjon. <i>Formålet</i> med revisjonen har vore å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at bruken av tvang er i samsvar med regelverk samt med eksterne og interne retningslinjer.</p> <p><i>Hovudkonklusjonen</i> er at det sidan 2014 har blitt arbeidd med betre registrering og rett bruk av tvang både regionalt og i alle føretaka, som etter internrevisjonen si vurdering har gitt gode resultat. Det er likevel behov for å arbeide ytterlegare med å sikre rett og lik regeletterleving når det gjeld i kva tilfelle det skal fattast vedtak om tvang. Samtidig viser undersøkinga at utviklinga knytt til tvangsbruk varierer og at det fortsatt er potensiale for ytterlegare reduksjon i tvangsbruk. For å klare dette meiner internrevisjonen at det må etablerast betre overordna og heilskapleg styring og kontroll med utviklinga av tvangsbruken, både regionalt og i dei enkelte føretaka.</p> <p><b>Revisjonsrapporten og styresak vert lagt fram for styret i Helse Førde i oktober.</b></p> <p>Sak i Elements: 2021/270</p> |  |
| <b>Intern-revisjonen i</b>            | Helse Førde     | Økonomistyring i byggeprosjekt. | 23.07.2021 | Nei | Formålet med revisjonen har vore å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis  |  |

|                 |     |           |            |            |            |  |  |
|-----------------|-----|-----------|------------|------------|------------|--|--|
| Helse Vest      |     |           |            |            |            | <p>vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen, slik at prosjekta vert gjennomført i samsvar med dei gitte rammene, og evaluere kva læringspunkt ein kan hente til framtidige byggeprosjekt i Helse Vest.</p> <p>Revisjonen har synt at helseføretaka i hovudsak følgjer opp økonomisk risiko i prosjekta på eit tilfredsstillande sett. Tilsvarande er det ikkje identifisert vesentlege manglar i Helse Vest RHF si økonomioppfølging av store byggeprosjekt. Det er gjort nokre observasjonar av område kor ein vurderer at oppfølginga av økonomisk risiko kan styrkast. Dette gjeld både på RHF-nivå og dei undersøkte prosjekta.</p> <p><b>Revisjonsrapporten og styresak vert lagt fram for styret i Helse Førde i oktober.</b></p> <p>Sak i Elements: 2021/147</p> |  |
| Arbeidstilsynet | FSS | Inneklima | 30.01.2019 | Eitt avvik | 31.12.2021 | <p>Før jul 2018 stengte verneombodet fleire kontorlokaler i kjellaren ved Førde sentralsjukehus med omsyn til det fysiske arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet sin konklusjon var at det ikkje var umiddelbar fare for arbeidstakarane si liv og helse, og at det ikkje var grunnlag for å halde kontorlokala stengt, jf. arbeidsmiljøloven § 6-3 (1).</p> <p>I brev datert 13.11.2019 sa Arbeidstilsynet seg nøgd med opplysningane dei hadde motteke knytt til dei tre avvika dei hadde</p>   |  |

|                                    |     |                                    |            |            |  |   |
|------------------------------------|-----|------------------------------------|------------|------------|--|---|
|                                    |     |                                    |            |            |  | <p>peika på. Pålegga var oppfylt. I same brev varsla likevel Arbeidstilsynet om eit nytt pålegg. For å lukke avviket må Helse Førde sende inn</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Dokumentasjon på gjennomførte tiltak som reduserer risikoen og konsekvensane for helsebelastning i 0. etasje i sentralblokk ved Førde sentralsjukehus</i></li> <li>- <i>Beskrivelse av korleis verneombod / tilsette og bedriftshelsetenesta har medverka</i></li> </ul> <p>Helse Førde har sendt ønsket dokumentasjon og fekk tilbakemelding frå Arbeidstilsynet 03.07.2020. Arbeidstilsynet opprettheld pålegget, men med ny frist slik at Helse Førde kan dokumentere at fukt i veggar og golv ikkje kan påverke inneklimate. Etter vidare dialog har Arbeidstilsynet i brev datert 27.10.2020 gjeve utsett frist på det siste pålegget til 31.12.2021, men med ei oppmoding om å saman med verneteneste vurdere ferdiggjering tidlegare.</p> <p>Drift og eigedom planlegg eit møte med Arbeidstilsynet no i haust for å klargjere at avviket er lukka.</p> <p>Sak i Elements: 2020/1406</p> |
| <b>Statsforvalteren i Vestland</b> | FSS | Tilsyn med utlokaliserte pasientar | 12.09.2019 | Eitt avvik |  | Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, Førde sentralsjukehus i perioden 17. – 20. juni 2019. Dei undersøkte om føretaket sørgjer for at helsehjelp til pasientar som blir  |

utlokaliserte frå medisinsk avdeling blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at dei får trygge og gode tenester.

Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Statsforvaltaren sin konklusjon: Helse Førde sørgjer ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt.

Helse Førde har sendt tilbakemelding med oversikt over tiltak som er sett i verk, eller skal setjast i verk.

Statsforvaltaren i Vestland ønskte å få tilsendt resultat frå eigenevaluering føretaket gjer etter ein og tre månadar. Dei vil og følgje arbeidet som blir gjort i etterkant av tilsynet inntil det er dokumentert at praksis er endra slik at informasjonsflyt i samband med utlokalisering og oppfølging av utlokaliserte pasientar fungerer som føresett.

Helse Førde har hatt løpande dialog med statsforvaltaren i etterkant av tilsynet, og sendte siste statusrapport 10. september 2021. Rapporten skildrar i detalj kva tiltak som er sette i verk. Hovudinstrykket er at risikoen i forhold til utlokaliserte pasientar er redusert, men at det framleis er behov for å arbeide vidare med

oppfølginga av desse pasientane.

Sak i Elements 2020/1407

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre.

Helse Førde har registrert **totalt 5** tilsyn og revisjonar i perioden 01.09 – 30.09.2021.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan.